



Det kongelige Kultur- og Kirkedepartement
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Oslo 18.05.06

HØRING – FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM SKRIVEMÅTEN PÅ STEDSNAVN

Viser til tilsendt høringsutkast datert 21.03.06.

Norges Bygdekvinnelag har handsama saka og har fylgjande merknadar til forslaget:

§ 2 Generelle reglar om skrivemåten av stadnamn:

Den gamle forskrifta vart mellom anna kritisert for å vere for detaljert og vanskeleg å forstå. Den nye forskrifta representerer difor eit framsteg. Det må likevel leggjast til at heller ikkje den nye forskrifta er heilt enkel å lese for ein lekmann. Skulle gjeme sett at lovgjevarane/skrivarane hadde nytta lekfolk å teste forskrifta på.

Noko av det mest gledelege med den nye forskrifta er at vernet av samisk og kvenske namnetradisjon no vert styrka. Rettleiinga til forskrifta inneheld også spesialteikn som vert nytta i samisk og kvensk rettskriving, og som no også skal nyttast i stadnamn. Skrivemåten av kvenske stadnamn har også vorte enklare, og skal ikkje lenger verte så sterkt knytt opp til dei finske reglane.

I §2 står det at ved oppkalling av historiske personar skal ein nytte den skrivemåten vedkomande person bruka sjølv. Når det gjeld embetsfolk og offiserar er dette i og for seg greitt, dei var ofte utanlandske/danske med sine skrivemåtar. For meir lokale "storleikar", kunne dette vere annleis. Går ein 125 år eller endå lengre tilbake kunne dei skrive namna sine ulikt frå gong til gong, og i alle høve svært fordanska. Ofte kunne dei få ei form som hadde lite med det lokale namnet å gjere. For lokale og regionale historiske personar bør ein difor sjå kva namneform som vart nytta i området, og nytte denne lokale forma som stadnamn etter historiske personar .

§ 4 Særlege reglar om skrivemåten av norske stadnamn:

Når det gjeld skrivemåten av norsk stadnamn er det viktig at lokal uttale i større grad vert nytta enn tidlegare. Ein har såleis sett at sterkt normerte skrivemåtar av stadnamn har fortrengt den lokale uttalen, og ikkje reint sjeldan endra namnetydinga. Det vert også opna for at det skal takast omsyn til ynskjet eigaren har. No som det stadig oftare førekjem eigarskifte, og då ikkje så reint sjeldan med nye eigarar utan kjennskap til lokal stadnamntradisjon, kan det

verte mykje rart og gale. Her bør ein i stor grad halde seg til lokale folk som har god kjennskap til dei lokale nemningane.

Om saksbehandling:

Reglane for saksbehandling er også endra mykje og vil vere i samsvar med lovendingane. Mellom anna har det kome framlegg om reglar når det gjeld saksbehandlingstid. Når ein veit at slike saker kan ta lang tid, er det ein stor framgang at det no vert tidsfristar for handsaming av denne typer saker.

Norges Bygdekvinnelag seier seg lei for at denne uttalen kjem litt seint, men håper at uttalen likevel vert teke med i det vidare arbeidet.

Med helsing
NORGES BYGDEKVINNELAG

Tove Ødeskaug
Leder

Ellen Klynderud
gensekr